



Møtereferat

Styremøte onsdag 17.01.2018 kl. 1800 - i Naustdalshallen

Til stades:

Dag Rune Mallasvik, Karianne Øygard, Ole Jonny Klopstad, Håkon Svoen, Vidar Slettehaug, Siss-May Edvardsen

Sak 02/18 Årsmøte

Årsmøte vert flytta til fredag 16.mars.

Innlevering av årsmelding, handlingsplan, budsjett må vere levert innan 16.februar til Siss-May (stavdalslia@gmail.com). OBS! Send bileta som vedlegg (jpg.fil), merk ev i teksten kvar bileta skal inn. Dette av omsyn til endeleg redigering av årsmeldinga.

Årsmøtet vert på Dalen Næringsssenter kl 18:30.

Dag Rune bestiller lokale og mat.

Sak 03/18 Bekymringsmelding årshjul

Det er varierende oppmøte på dei ulike tilboda hjå Idrettsskulen. Idrettsskulen har tilbod måndag og torsdag kl 18-19.

Skuldast varierende oppmøte parallelle treningar i særgruppene? Styret ynskjer tilbakemelding frå dei enkelte gruppene på dette innan

Kan det skuldast at alle tilboda ikkje appelerer til denne aldersgruppa?

Styret ynskjer at ein ser nærmare på årshjulet opp mot tilbodet til særgruppene.

Sak 04/18 Friluftsanlegg Grimsetmarka

Friluftsanlegg med grusveg og gatelys i Grimsetmarka.

Styret i Tambarskjelvar er positive til prosjektet. Styret stiller seg likevel undrande til skissert behov for å lyssette anlegget, særleg med tanke på investerings- og driftskostnadane opp mot bruken av anlegget.

Styret kan ikkje signalisere dugnad av idrettslaget sine medlemmar.

Sak 05/18 Fellestråd Sunnfjord 2020

Det skal etablerast eitt felles Idrettsråd for Naustdal, Førde, Gaular og Jølster innan 01.01.2020.

Det er ynskje om kommunal drift og vedlikehald av hallar og baneanlegg.

Årsmøtet må gi styret fullmakt til å finne ein representant frå Tambarskjelvar til Idrettsrådet.

Referatsaker

Internasjonal kafe. Tambarskjelvar har ansvar for kafeen 25.januar og 5.april.

Rydding utstyrlager i Hallen. Styret arrangerer dugnad og sender ut innkalling til alle gruppene.

Vaktutdanning i samband med Sunnfjord Triatlon. Triatlongruppa har fått utdanna om lag 20 stasjonærvakter. Løypevaktkurs og Web-basert vert stadig utsatt, og vi kjenner ikkje til omfang. Vi vil vurdere å få til eit samarbeid med andre aktuelle klubbar.

Siss-May Edvardsen
referent